

Innkalling til felles regionrådsmøte fredag 9. juni klokka 9.00-12.00

Stad: Tysværtunet i Aksdal

Kven: Sunnhordlandsrådet og Regionrådet for Haugalandet

Tid: Start klokka 09.00, avsluttar med lunsj klokka 12.00-13.00.

Agenda:

1. Reiselivet i regionen
2. Regionane i Arendalsveka, orientering om felles stand på kaien, Drøfting.
3. Andre aktuelle saker. Det er fint om saker som ein vil ha opp her blir meldt på førehand.

I hovudsaka om reiseliv i regionen blir emnet todelt:

- I første del er destinasjonsselskapa i regionen invitert. Det er tre selskap som har takka ja til invitasjonen; Visit Sunnhordland, Destinasjon Haugesund og Haugalandet og Reisemål Ryfylke. Dei vil presentera sitt arbeid, og i tillegg er dei utfordra på to spørsmål: Kva er forventningane deira til kommunane si tilrettelegging, og kva gjer dei for å samarbeida best mogleg.
- I andre del har me invitert fem framoverlente lokale destinasjonar til å orientera om sitt arbeid. Det er:
 - Åkrafjorden oppleving om samarbeidet mellom fleire aktørar for mellom anna å gje tilbod til cruiseturismen.
 - Tysnesfest om arrangementsturisme.
 - Arbeidet for å utnytta statusen som Nasjonal turistveg - ved Suldal vekst
 - «Opplev Avaldsnes» om satsinga på å nytta vikingtida i turismesamanheng.
 - Geopark Sunnhordland om turismesatsinga med utgangspunkt i statusen som UNESCO geopark.

Begge regionråda har møte torsdagen, og me minner om at det er invitert til felles middag på Aksdal Inn torsdag klokka 19.30. Me sender ut ei eiga kalenderinnkalling til denne middagen, og ber om at de raskt gir tilbakemelding på denne om de kjem på middagen.

I tillegg har me heldt av nokre rom på det same hotellet for dei som vil ha overnatting. Her ber me og om at de snarast gjer beskjed om du vil ha rom her.

For regionrådsleiarane Arne-Christian Mohn og Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim

Øyvind Valen
Haugaland vekst

Tora Haslum Myklebust
Sunnhordlandsrådet